Sykkylven kommune
År/S.nr.: 18/389 Dok.no.:
L.nr.: Klass.: L13
26 AUG 2019
Avd.: Saksb.:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2018/389 | 25.06.2019 | 75944/2019/REGULERINGSPLAN/1528 | Synnøve Valle, 71 28 02 39 | 26.08.2019 |

# Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Grebstadvegen - Nordplan AS - fråsegn til offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Planfaglege merknader**
Ingen særskilde merknader.

**Automatisk freda kulturminne**
Den arkeologiske registreringa av planområdet for Grebstadvegen er gjennomført. Det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne på 4 delstrekningar innanfor planområdet. Det vil bli sendt inn prøver til datering for å finne alderen på kulturminna. Vi vil ta kontakt igjen når dateringsresultatet føreligg og ein har fått nøyaktig kartfesting av lokalitetane. Slik reguleringsplana føreligg, så er den i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi pliktar derfor å ha motsegn til reguleringsplana, jamfør §§ 2 og 4 i Lov om kulturminne. Vi ber Sykkylven kommune å ta kontakt for å diskutere det vidare planarbeidet.

**Kulturminne frå nyare tid**
I kommentarane våre til oppstartsvarselet 07.05.18 bad vi om at SEFRAK-registrerte objekt i planområdet måtte omtalast og vurderast i planprosessen. Når det gjeld den SEFRAK-merka løa som eigaren ønsker å rive, bør det leggast ved fotodokumentasjon som også viser innsida, slik at saka blir mest mogleg opplyst.

**KONKLUSJON**
Ta kontakt med fylkeskommunen, kulturavdelinga, for å diskutere det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir*

Fagsaksbehandlar
Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Guro Dehli Sanden, tlf. 71 28 03 26
Kulturminne frå nyare tid: Rådgivar Anna Eline Eneberg, tlf. 71 28 02 94

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

| Vår dato: | Vår ref: |
|---|---|
| 28.08.2019 | 2019/3649 |
| Dykkar dato: | Dykkar ref: |
| 26.06.2019 | |

Sykkylven kommune
År/S.nr.: 18/389 Dok.no.:
Klass.: L13
29 AUG 2019
Avd.: Saksb.:

Saksbehandlar, innvalstelefon
71 25 84 10, Jorunn Mittet Eriksen

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN
Att. Arild Sunde Rinnan

**Sykkylven kommune**
**Detaljregulering for del av Grebstadvegen**
**Fråsegn til offentleg ettersyn**

*Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

Reguleringsplan for del av Grebstadvegen er lagt til offentleg ettersyn. Fylkesmannen har ut frå våre ansvarsområde ikkje vesentlege merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Hallvard Sæverud / 93260501 | 18/79105-6 | 2018/389 - 8303/2019 | 16.07.2019 |

## Fv 5916 (tidl. 73) – Sykkylven kommune – Detaljregulering for del av Grebstadvegen – Høyring og offentleg ettersyn – Uttale

Viser til brev av 25.6.2019 frå Sykkylven kommune.

*Statens vegvesen har ansvar for å sjå til at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg på vegner av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.*

Statens vegvesen har fylgjande merknad og kommentar til reguleringsplanframlegget for del av Grebstadvegen:

→ Etter det vi kan sjå er det i kommunedelplanen for utvida sentrum lagt opp til gs-veg/fortausløysing langs fylkesvegstrekninga ved krysset mellom Dalevegen og Grebestadvegen, jf. kartutsnitt:



Utsnitt kommunedelplanen av 2010.


Utsnitt av delplan lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn april i år.



Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I planframlegget er det ikkje regulert inn gs-veg/fortausløysing på austsida av krysset.

Vi rår til at gs-veg/fortausløysing vert innarbeidd for heile strekninga som ligg langs fylkesvegen, slik at reguleringa vert i tråd med løysinga nedfelt i kommunedelplanen området - vegstrekninga - er omfatta av.

→ I og med at fylkesvegen ikkje er forkøyrsregulert vert sikttrekanten - frisiktsona - på austsida i krysset mellom Grebstadvegen og Dalevegen etter måten arealkrevjande. Frå veghaldar si side vert det arbeidet med at fylkesvegar skal forkøyrsregulerast, og på det vis vil siktkravet verte mindre. Frisiktsona i krysset mellom den kommunale vegen og fylkesvegen er i planframlegget - etter det vi kan sjå - i samsvar med gjeldande vegnormal.

Utover dette har ikkje særleg merknad/kommentar til reguleringsframlegget.

Plan og trafikkseksjonen
Med helsing

Jan Gunnar Sandblåst
seksjonssjef

Hallvard Sæverud
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Fra: Anne Kleppe[anne.may.kleppe@gmail.com] Dato: 28.08.2019 14:35:48 Til: Postmottak Sykkylven kommune Tittel: Saksnummer 2018/389

Grebstadvegen bruker jeg aldri og kan ikke forstå at jeg også der må ha den på meg. Det må være de som vil ha vegen som skal ha den på sin grunn.

Mer unødvendig utbygging finnes vel ikke.
Det er ikke mulig å komme seg til sentrum uten lang ventetid, grunnet forkjørsveg.

I flere tiår har det det vært nødvendig å kjøre til andre siden av elven (forbi skolene)

Den eneste grunnen til denne vegen er at kommunen skal ha byggefelt og brede veger på jordbruksareal som er plant. Hvorfor tror jeg ikke noen vet grunnen til det.

Jeg håper dere holder denne unødvendige vegen borte fra 7/29.

Anne May Kleppe

7/29

Karl Johan Ullavik
Grebstadvegen 95
6230 Sykkylven

Sykkylven Kommune, Postmottak
Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

Grebstad, 27. august 2019

**Vedr. saksnr. 2018/389 - «Detaljregulering for del av Grebstadvegen – 1. gongs høyring».**

For meg ser det ut som om at forslaget til regulering legg opp til at ein uforholdsmessig stor del av utvidinga er tenkt lagt inn på 7/77. Både Kagholvegen, Grebstadvegen og krysset som bind desse saman vil med forslaget som no ligg ute bandlegge eit relativt stort areal på eigedomen.

Forslaget om å flytte Grebstadvegen meir inn på 7/77 («litt sør og litt vest», ref. pkt. 7 i «Oppsummering innspel / merknader oppstart») forsterkar dette. Eg er derfor imot denne løysinga og ber om ny vurdering på dette punktet.

Eg ber om at det i vidare planlegging vert lagt til grunn ei løysing som krev så lite areal som råd, og eg gir støtte til val av fortau framfor gang- og sykkelveg.

Eg vil elles minne om tidlegare søknad om frådeling og ber om at denne vert behandla positivt i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

Venleg helsing

Karl Johan Ullavik
Karl Joh. Ullavik

Skjold Lyshol

Bengt Ronny Lyshol Sykkylven 28.08.2019

Merknader til planforslaget for Grebstadvegen (saksnummer 2018/389)

Vi godtek alt som det nye planforslaget legg opp til på Grebstadvegen fra krysset til Grebstadlia i vest og østover t.o.m innkjørsel til Bengt Ronny Lyshol sin eigedom 7/247.Men østover etter innkjørsel til eigedom 7/247 vil det gå 4.5 meter nordover ned på 7/19(Skjold) (sjå vedlagte kart),og nært eigedomen/hagen til Bengt med dei ulempene det medfører med innsyn og støy, så det kan vi ikkje godta.

Skjold Lyshol på gnr.7 brnr 26 har komt med forslag tidlegere i prosessen om at ein kan gå opp i hagen hans på eigedom7/26 og det ser vi at dere har gjort på det siste planforslaget, men det er veldig lite så dere kan ta meir av det arealet. Med dette forslaget får vi vegen lenger mot sør og vekk ifra hagen til Bengt 7/247. Vi får også ei rettere veglinje mot øst.

Vi går inn for 2 meter bredde på fortau (sånn som dere har godkjent på den nye Tynesvegen)
Med dette forslaget blir det mindre arealbeslag på dyrka mark og hage.

Mvh
Skjold Lyshol 7/19 – 7/26
Bengt Ronny Lyshol 7/247


4.5M

Fra: nils_bakke[nils_bakke@yahoo.com]
Dato: 28.08.2019 17:10:59
Til: Postmottak Sykkylven kommune
Tittel: Høyringsmelding - detaljregulering av Grebstadvegen ( no 108, Gr. no 7, br. no 38).

---

Sykkylven Kommune
Rådhuset
Kirkegata 62
6230 Sykkylven

Takker for mottatt brev datert 25/06/2019.

Så langt som det er mulig å sjå frå kartet, så er det alt som tyder på at tidligare innsendte brev med skisser av planlagdt og delvis påstarta utbygging (utviding) av våningshuset på Grebstad ikkje har blitt tatt med, ved plassering av den nye vegen.

Våningshuset har til no blitt forlenga/utvida ca 5 meter vestover (kunn delvis støypt plate til garasje) og skulle etter planen også ha blitt utvida ytterligare sørover (utviding av veranda) ca 2m (vennligst sjå tidligare innsendt skisse eller markering i terrenget) på denne tida, var det ikkje for det faktum at eg har blitt innlagt på Stavanger Sjukehus, der eg rekner med å bli ei tid framover.

For å prøve å gjera ei lang historie kort så går eg med på den nye vegen forutsatt at det blir forsøkt å bygge med måtehold.

Dette betyr at eg regner med å kunne behalde minst 9 m sør for lagerbygget, samtidig som gangveien ikkje kjem lenger øst på notdsida av Grebstadvegen enn maksimum 8 meter aust for aust-veggen av lager-bygget.

Det er også litt vanskelig å forstå at plass til gangveg på død og liv må vere større på Grebstad en på Tynes, eller ikkje å gløyme nederste del av Grebstadvegen (Bakkenbrauta), som alt er bygd og der trafikken er maksimal.

Med helsing

Nils Bakke

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.


O_SKV1

Saksnummer 2018/389

Sykkylven kommune
År/S.nr.: 18/389 Dok.no.:
L.nr.: Klass.: L13
26 AUG 2019
Avd.: Saksb.:

Sykkylven 23/8-19

Sykkylven kommune

Eg har merket meg at vegen er lagt nermere min eigedom 8/24 på det nye forslaget. Eg skreiv under på vegen, men det var eter kart ved min eigedom reguleringskart fra 1989 v/ Knut Lodoen. Så eg håper vegen ved 8/24 blir som karte fra tideliger vedtak. v Knut Løden

Hilsen
Oskar Hjarnes.
Eimsvegen 4

Fra: Ståle Aurdal[staale.aurdal@insoft.net]
Dato: 28.08.2019 12:28:44
Til: Postmottak Sykkylven kommune
Tittel: Merknader til saksnummer 2018/389

---

Hei!

Er eier av Grebstadvegen 143, gnr:7 bnr: 10

Har noen merknader:

1. Vil ha flytta garasja som står ved siden av stabburet også.
2. Vil at vegen ikke svinger så langt ned på min mark, noe som skaper en unødvendig krapp sving på veien. De to bøk-trærne over veien bør kunne fjernes for å få en rettere vei. Trenger ikke  være slik at veien omtrent bare skal gå på min eigedom.
3. Vil ha støyvern med tett steingard (som er fin fra begge sider) mot vegen lags hele eigedommen  på grunn av høyere fart og mer støyproblem med den nye vegen. Skal kunne være så høy at hindrer innsyn også.
4. Vil ha fartsdumper: Før svingen på vestsida i tillegg til på begge sider av utkjørselen min. Har barn som bor der.
5. Vil ha forarbeid og asfaltering av: Egen vei og parkeringsplasser og parkeringsplasser på hele oversida av huset.
6. Ønsker smalere gangvei, 2 meter som på den nye Tynesvegen.

Vennlig hilsen

**Ståle Aurdal**

Fra: Tone Grebstad[grebstad71@gmail.com] Dato: 05.08.2019 13:08:43 Til: Postmottak Sykkylven kommune Tittel: Grebstadvegen
Forslag retta mot nye Grebstadvegen .

På siste plandokumenta er det fortsatt tenkt å ta Survegen som gangveg , men kan ikkje sjå at vegen er teikna inn på utsida av driftsbygniga , noko som er nødvendig for at det skal være lovleg med ein offentleg gangveg .
På planen er det ønskeleg for kommuna og bygge en ny veg trase framom Sjold Lyshol sitt hus , dette og at vegen hos meg må leggjast utom driftsbygniga fører til at .Dan R Willhelmsen , Sjold Lyshol og min egendom blir sittjande med store heilt private vegar innen for egendommane våre , som fører til større vedlikeholdsutgifter , spesielt opp imot brøyting vinter , då vi alle er avhenig av eksisrerende veg for å komme oss til garasje og bolig .
Om kommunen seier seg villig til å ta på seg vintervedlikeholdet til eksisterende veg etter ny trase er bygd , vil dette være ei lette for oss og ikkje berre ulempe med økt trafikk forbi egendomane våre .

Mvh Tone A Grbstad

---

Virusfri. www.avast.com

Hilde Haldorsen
Strandgata 49
5528 Haugesund

Haugesund, 11.11.19

Arild Sunde Rinnan
Arealplanleggar
Sykkylven Kommune

Merknad til "Føresegn om detaljregulering av Grebstadvegen"

Eg tok over gnr 8 brn 11 i sommar etter onkelen min Karl Bjarne Tandstad og planlegg å flytte til Sykkylven i desember 2019. Odd Arne Eidem gjorde meg nyleg oppmerksam på "Føresegn om detaljregulering av Grebstadvegen", der det er planar om å fysisk stenge Eimsvegen si noverande tilknyting til Dalevegen. Eg har som ny eigar ikkje fått nokon opplysningar om dette. Viser og til korrespondanse på epost mellom underteikna og Arild Sunde Rinnan, der han opna for innspel sjølv om høyringsfristen er ute. Gnr 8 brn 11 har hatt veg der sidan bruket vart oppretta i 1934. Forrige eigar av Eimsvegen 1 klaga på tidlegare forslag til regulering av vegen, og fekk medhald om å behalde vegen slik den har vore. Dersom ein no skal stenge Eimsvegen si tilknytning til Dalevegen, vil det medføre betydeleg ulempe for meg, både økonomisk og praktisk. Det er ikkje fysisk mogleg å ta til høgre frå Eimsvegen 1 og vidare inn på Eimsvegen. Vegen ligg like i bytet og om ein skal utbetre vegen slik at den er køyrbar, vil det medføre at ein kjem inn på ein annan sin eigedom, som og er jordbruksareal. Eg reknar med at kommunen tek på seg kostnaden det vil medføre å utbetre vegen, samt for å halde vegen open om vinterstid når det er behov for brøyting. Vegen vil sjølvsagt verte ein del lenger enn no og koste meir å halde ved like. Eg ønskar sjølvsagt fortsat å køyre direkte ned på Dalevegen og at kommunen tek i mot nye innbyggarar på ein god måte.

Mvh Hilde Haldorsen

| | |
|---|---|
| **Frå:** | Per Helge Kvalsund <per_helge@msn.com> |
| **Send:** | 30. oktober 2019 23:22 |
| **Til:** | Arild Sunde Rinnan |
| **Emne:** | Sv: Detaljregulering del av Grebstadvegen - link til høyringsdokument |

Vil med dette komme med noken innspel til reguleringsplanen for Grebstadvegen.

Planane slik som dei no ligge med fysisk stenging av Eimsvegen vil føre til stor ulempe for oss. Vi vil for det første få en stor og upraktisk omveg som vil gjere tilkomsten til eiendomen mykje vanskligere, spesielt vinterstider, men og med manøvrering ut/inn av innkjørsel. Det blir og mest sannsynlig nødvendig for både meg og naboeiendomen å legge om deler av veien for å få god nok plass til å kjøre ut/inn den retningen.

Det at vi i år på eget initiativ som et tryggingstiltak la om innkjørselen vår til å gå mot Eimsvegen, isteden for dalevegen, har redusert antallet innkjørsler på Dalevegen og er et godt trafikksikringstiltak. Både jeg og nabotomt har og i tillegg fjernet store deler av vekst ute som har gjort hele krysset mye mer oversiktlig og trygt.

Så dersom jeg, eventuelt sammen med naboeiendommen kan få nytte avkjørsla til eimsvegen som ei felles avkjørsle,så vil det framstå som den klart mest fornuftige løsninga.
Dagens trafikksituasjon hvor både jeg og nabo har gjort mye med uteområde og åpnet opp og gjort dette krysset godt og oversiktlig så fremstår dette som ei trygg og god løsing.

Vi er og kjent med at den tidligere eigeren av naboeiendommen (g/bnr. 8-11) fekk godkjent å nytte denne avkjørsla då reguleringsplanen for grebstadveien vart behandla forrige gang.
Og pr. dags dato fremstår denne løsningen mye bedre og tryggere idag, enn tidligere.

Vil og legge til en liten reservasjon mot om min tomt blir berørt på noen måte av andre tiltak. Så skal det sendes skriftlig informasjon til meg og hva dette vil innebære før et eventuelt vedtak blir gjort.
Vil ha mulighet til å ha informasjon og komme med inspel viss noe kan bli til ulempe for oss.

Mvh

Per Helge
Dalevegen 176

**Fra:** Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>
**Sendt:** fredag 25. oktober 2019 14:04
**Til:** per_helge@msn.com <per_helge@msn.com>
**Emne:** Detaljregulering del av Grebstadvegen - link til høyringsdokument

Viser til samtale.
Her er lenke til kommunens heimeside der høyringsdokumenta til reguleringsplanen for Grebstadvegen ligg.
Dei ligg heilt nederst på sida:
https://www.sykkylven.kommune.no/hoyringar-og-kunngjeringar/

Eg kan bekrefte at kommunen har sendt høyringsmeldinga til Grebstadvegen 176 og ikkje Dalevegen 176 som skulle vore det riktige. Kommunen beklagar dette. Om du ønskjer å kome med innspel til planen kan du gjere det.

Ta kontakt om det er spørsmål.

Mvh,


Arild Sunde Rinnan
**Arealplanleggar**

**Tlf. 70 24 67 25 Tlf. sentralbord 70 24 65 00**

**arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no**
**Sjå brosjyra vår**





*Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.*


Denne e-post med eventuelle vedlegg er meint for den institusjon eller person den er retta til og kan innehalde lovbestemt teieplikt. Om e-posten er feilsendt, ver vennleg å slette den og kontakt avsendar. Sykkylven kommune er ikkje ansvarleg for direkte eller indirekte tap som følgje av denne e-posten, av dette som følge av virus eller datafeil.



| **Adresse** | **Epost/web** | **Info** |
|---|---|---|
| Rådhuset,<br>Kyrkjevegen 62<br>6230 Sykkylven<br>Sentralbord: 70 24 65 00 | *postmottak@sykkylven.kommune.no*<br>www.sykkylven.kommune.no | Bankgiro: 4212 23 24839<br>Org.nr.: 964 980 365 |

Sykkylven kommune
År/S.nr.: 19/425 Dok.nr.:
L.nr.: Klass.: 7/373
08 DES 2020
Avd.: Saksb.:

Sykkylven kommune
v/Teknisk etat
6230 Sykkylven

Sykkylven.18.11.20

**Merknad til kommunens delplan Grebstad.**

Som eier av gr. 7 og br.nr 1, har jeg noen merknader til planen angående gangvei over min eiendom (Sjurvegen).

Punkt 1. Gangveien fra Grebstad veien til Daleveien vil føre til en del ulemper. (Nytt byggefelt vil øke trafikken, samt ny Sentrumsskole i Bakkeøyene).

Punkt 2. Jeg vil at den nye planlagte gangveien skal gå i rett linje fra Skjold Lyshol sin eiendom (østre hjørne), til min driftsbygning (venstre hjørne), slik vi slipper den økende trafikken gjennom tunet.

Punkt 3. I 2013 solgte jeg garasjetomten til Dan-Ronny Wilhelmsen (7/366). Tomten er liten; ca 344 m2.
Forutsetningen for kjøpet var at Dan-Ronny Wilhelmsen skulle få utvide tomtearealet østover til en brukbar hustomt. Den lovnaden vil jeg holde ved å legge om Sjurveien.

Punkt 4. Slik forslaget foreligger i planen, vil vanskeliggjøre vedlikeholdet både sommer og vinter. Og ikke minst jordbruksdriften, mange kroker og krinkler.

Punkt 5. Den delen av arealet som går til boligtomt og gangvei, har liten jordbruksverdi, lite jordsmonn over fjellgrunn (Sjur haugen).

Punkt 6. Om det tar tid med omlegging av gangveien, før eventuelt boligtomten kan taes i bruk, vil tomteeier legge om veien midlertidig. Se skisse på kartet.

Håper disse merknadene blir imøtekommet og positivt behandlet!

Vennligst. Tone A Grebstad

Dan-Ronny Wilhelmsen

Tone Anita Grebstad
7/1

Dan-Ronny Wilhelmsen
7/366

# Kartutskrift

Målestokk 1:2000

N

46m




19.02.21
B.W.